

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. /

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Skudenenes

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Talnes sokn

Oppskr. av: Lars Gjøsheim

Gard:

(adresse): Skudeneshavn

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Helst etter eiga røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Gamle folk som nå lever her, kjenner ikkje til at her har vore ein slags plog, eller noko dei plögde med som heitte ard. Likevel trur eg han har vore bruka her i eldgamalt tid; for one har ar-namn på fleire plogdelar ennå. Viltfjöla heiter „arfjöla“, drastokken heiter „arheldna“ (ei) og triskeia eller trispaden som dei grov av molda som la seg fast på ploget, heitte „arskei“, og kjettingen eller drasauet frå ploget og til skjokene eller „dildene“ - ei „dilda“, heitte adrettet = adrettet (eit). Her er r-ljoden ikkje med lenger. Men desse arnamna syner at her har vore ein plogart som dei har kalla ar. Likevel er det så gammalt at ingen eg har tala med har sett nokon såvoren plog.

Men alle gamle her - dei som nå er 60 til 80 år kjenner til treplogane, og dei hugsar overgangen til jernplogane. Denne overgangen må her ha vore frå 1860 - 1890 åra. Dei gamle treplogane som har slunge ikring på gardane til dessar, likna mest på riss nr. 8 og folk kalla han stundom grundaplog.

Folk her arbeidde dei helst sjölv, og eg har høyrst at dei lika om dei kunnin få arffjola noko vridde. Difor tok dei sitt gamle båtbord som var vridde - det var serleg båthalsen som var lagleg, og dei har fortalt at når ein båt gjekk i slaver, så såg dei etter om halsen var så frisk at han gjekk an til plogar.

Som byppeplog hugsar eg at dei brukte treplogar, men då hadde dei arffjoler til bae sider. Herne hjå oss brukte me desse „poleylogane“ til å byppe opp om potetene til hestehakkerne kom i bruk og konkürerte dei ut ikring 1910.

Herne stader her brukte dei og denne plogen til å plogja opp rygger med når dei skulle selja poteter. Dei sette då i jorene og grov helst allover med rive. Hjå oss brukte me ikkje nett dette. Me hadde i den tid eg kan hugsja god jernplog, og me brukte å selja i eine kauben av fjorda eller den. For å få høvelig mellom radene, sette me berre i amankvar for. Denne måten tykte me var mest praktisk, avdi potetene blei nedmolda med fjorda ein plogde eller den me sette i.

Som nemnt kom jernplogane i bruk i 1860-90 åra. Dei vanlegaste „merkene“ eller namn på jernplogar var: „Raugstadvlogar“. Disse plogane var sør frå Landnes eller deromkring, og det høyrst ut til å ha vore mange av dei her omkring.

Her levde elles ein meir enn vanleg dyktig smed i denne tida. Han blei kalla Vikismeden, og han var kjend for både tjå og tenivar. Han arbeidde og fleire plogar, så her var fleire som hadde plogar som Vikismeden hadde laga. Og folk skrøypte av dei, og ville ikkje seija at dei var ringare på noka vis enn Røngstadplogane. Men eg trur nok at Vikismeden hadde teke mønster av Røngstadplogen. Eg hørdi elles sagt at det beste mønster ein kunne få, var ein plog som hadde lagt på seg så mykje mold som ville hanga på. For det store problem med dei gamle plogane var å få dei til å gå mest mogleg reine, og det gjekk lang tid før dei greidde det. Eg hugsar frå min barndom at alltid hadde dei arskeia i eit band dinglande frå armen. Og hadde dei litt lang før, så måtte dei bryta av midt i föra og reinska plogen, og alltid grov dei han rein i enden av föra. Plogen drog på den måten mykje jord med seg ut til enden av åkeren. På gamle åkrar - og det var her mange av - var det alltid høge reinar i bær endane. Ein annan "svakhet" med desse gamle jernplogane var at dei var tunge til å halda nede. Dei hadde ein liten slede framme på "arheldna" som nok skulle stila djupna; men eg hugsar at dei mest måtte liggja på dei, for å få dei til å "halda grunni" som dei sa.

so namn på plogdelar utanom dei før nemnde kan eg nemna: Sliden framme som skulle stilla djupna, heitte skoen (ein) og teniven heitte „ristelen“ eller „ristedel“ som dei gamle sa. Plogsjeret heitte „vongsen“

Når dei køyde plogen som, var det vanleg at dei hadde laga ein eller to slideforma klampar på flattsida av plogen, og det var nok det gamle at dei la plogen ned på flattsida når dei køyde han som. For dei sa at dei sleit opp arfjola om dei køyde han med arfjola ned. Likevel såg eg mange som litt eller kvart gjekk over til å køyra han på veltfjola, for det fall best når dei kom til endes av fjorda berre å velta plogen mot fjorda og så køyra han den vegen.

Dei gamle segjer at dei gav ca. 20 kr. for disse jernplogane.

1493

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING